



Fitjar kommune

Planstrategi 2024-2027



Foto: Gunnbjørg Austrheim copyright©

Kva er planstrategi ?

Planstrategien er ein viktig lekk i det kommunale plansystemet, der det nye kommunestyret får høve til å vurdera korleis planverket til kommunen svarar på dei utfordringane som kommunen ser som viktigast i perioden. Føremålet med planstrategien er:

«.. å klargjøre hvilke planoppgaver kommunen bør starte opp eller videreføre for å legge til rette for en ønsket utvikling i kommunen», jf. Rettleier til kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden, jf. Pbl § 10-1.»

Planarbeidet skal vera behovsstyrta, dette fylgjer av pbl. § 3-1 tredje ledd. At planlegging er behovsstyrta, fordrar at kommunen har kjennskap til både eksisterande situasjon, men og venta endringar. Mellom anna legg befolkningssamsetjing, økonomi, organisering av tenester, arealressursar, geografi og naturmangfald alle føringer for handlingsrommet til kommunen, saman med nasjonale lover og reglar.

Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret seinast eit år etter at det nye kommunestyret er konstituert.

Ved handsaminga av planstrategien, skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller delar av denne, skal reviderast. I tillegg oppfordrast kommunane til å vurdera øvrig planbehov.

Planstrategien har ingen direkte rettsverknad verken for kommunen eller andre. Dette er ein arena for å drøfta utviklingstrekk og planbehov. Planlegginga skal vere behovsstyrta og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig, og være tilpassa kommunens situasjon og utfordringar. Revisjon og rullering av eldre planer, eller utarbeiding av nye planar krev mykje ressursar, både med omsyn til bruk av tilsette og kostnadskalkulasjonar knyttet til planprosessen.

Kommunen skal ta hensyn til nasjonale og regionale føringer i arbeidet og innhenta synspunkt frå nabokommunar og statlege og regionale organ.

Loven sier: «Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en communal planstrategi.» Utdrag fra Pbl § 10-1

Førre planstrategi i Fitjar vart vedteken i 2020.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d71a3e61e774485fb4a98cab9255e53f/nasjonale-forventningar-nn.pdf>

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremja ei berekraftig utvikling i heile landet.

Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar, og leggjast til grunn for statlege styresmakter si medverknad i planlegginga.

Regjeringa vil formidla den nasjonale prioriterte politikken på ein tydeleg måte, slik at planlegginga i fylkeskommunar og kommunar kan skje effektivt og til beste for innbyggjarane i heile landet. Samtidig styrkar regjeringa det lokale sjølvstyret i planlegginga. Det betyr at fylkeskommunane og kommunane får auka ansvar for å sikra nasjonale og viktige regionale interesser.

Regjeringa ynskjer at regional og lokal samfunns- og arealplanlegging skal vere basert på open dialog mellom alle partar, der og staten deltar. Eit viktig skritt på vegen er dei nasjonale forventningane.

Regjeringa legger vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
 - Velferd og berekraftig verdiskaping
 - Klima, natur og miljø for framtida
 - Samfunnstryggleik og beredskap

Vestland fylkeskommune legg i eit skriv datert 05.12.2023 fram ulike synspunkt frå Vestland fylkeskommune til kommunane i Vestland.

«Kommunal planlegging er det viktigaste styringsverktøyet kommunane har for ei berekraftig samfunnsutvikling basert på lokalt folkestyre.»

Viktige bidrag i planlegginga vil kunna vera:

- Ha eit godt kunnskapsgrunnlag for planstrategien
- Utarbeidning av eit arealrekneskap
- Folkehelse
- Klima
- Kollektivtransport
- Kultur byggjer samfunn
- Verdiskaping
- Vassforvaltning
- Jordvern
- Akvakultur

Dei regionale og lokale styresmaktene har sentrale oppgåver med å handtera desse utfordringane.

Det gjeld alle kommunar, uavhengig av størrelse og kompetanse. Planlegging er eit av våre viktigaste verktøy. Regjeringa har bestemt at FNs 17 berekraftmål, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Statsforvaltaren minnar kommunane i eit skriv datert 02.02.2024 nokre av dei nasjonale måla som kommunen må leggja til grunn for sine vurderingar. I planprosessen er det viktig å ha konkrete opplysningar om:

- Alderssamansetjing
- Fokus på barn og unge – FN`s barnekonvensjon – rikspolitiske retningslinjer for barn i planlegging.
- Helsestilstand i kommunen
- Behov for bustadar (bustadsosial handlingsplan)
- Klima
- Beredskap
- Naturmangfold sjø – land
- Arealrekneskap inkl. jordvern

Om arbeidet med planstrategi 2024-2027 for Fitjar kommune

Fitjar kommune vedtok samfunnsdelen av kommuneplanen 2020-2040. Store med-verknadsprosessar vart gjennomført knytt til denne, der 12 % av innbyggjarane direkte medverka i planarbeidet. Me har difor nyleg gjennomført eit strategisk framtidsretta arbeid. Sidan me no er i gong med revisjon av arealdelen i kommuneplanen KPA er det ikkje kapasitet til å gjennomføra ein revisjon av samfunnsdelen. Me vel difor å henta faktagrunnlaget i planstrategien direkte frå kommuneplanen 2020 – 2040 sin samfunnsdelen

I kommuneplanen sin samfunnsdelen har me fleire tverrgåande satsingsområde:

- Levande sentrum og bulyst
- Fitjar i berekraftig vekst

- Smarte og kompetente kommunale tenester
- Den grøne kommunen
- Sterke saman

Samfunnssdelen som plan for folkehelsa

Lov om folkehelsearbeid (2012) gjev kommunen eit viktig samfunnsoppdrag;

«Å utvikle lokalsamfunn som fremjar helse, utjamnar sosiale skilnad i helse og deltaking i gode sosiale og miljømessige forhold og berekraftige velferdstenester.»


Folkehelselova peikar på fem viktige prinsipp:

- Medverknad
- Berekraft
- Helse i alt me gjere
- Føre var – prinsippet
- Utjamning av sosial ulikskap i helse

Folkehelse i Fitjar

Helsa og livskvaliteten til Fitjarbuen blir utvikla der folk leiker, lærer, arbeider, dyrkar fritidsinteresser og bur, gjennom heile livet. Ein god stad- og samfunnsutvikling betrar levekåra til innbyggjarane, og gjer det enklare for folk å ta helsefremjande val. Det styrkjer også evna og viljen til å bry seg om og ta vare på kvarandre og samfunnet me er ein del av.

Folkehelse er ikkje resultat av levevanar og helserelatert åtferd aleine. Det er helse i alt me gjer. Derfor er det smart å vurdere helsekonsekvensar når politikk blir utvikla og iverksett i alle sektorar; skule og oppvekst, helse og sosial, plan og teknisk. Arbeidet kan utviklast vidare gjennom avtalar eller partnarskap for folkehelse med offentlege, private eller frivillige lag og organisasjonar i omgjevnadene, lokalt og regionalt. God inkludering på sentrale livsarena bidreg til å oppretthalde eit samfunn med små forskellar, høg tillit og god livskvalitet.



Den sosiale helsemodellen (Whitehead og Dalgren, 1991)

Folkehelsearbeidet må vera kunnskapsbasert og byggja på tilgjengeleg statistikk og lokalkunnskap som kjem fram i møte med innbyggjarar/brukararar/tilsette og andre. Det må lagast eit system for kontinuerleg oversikt over faktorar som har innverknad på folkehelsa, jamfør Folkehelseloven.

Kommunen ynskjer å ha tenester som har fokus på:

- Tilrettelegging av bustader til alle livsfasar
- Sørgje for at tenester innbyggjarane har behov for i kvar dagen er tilgjengeleg
- Redusere sosial ulikskap og forskjellige levekår gjennom tiltak retta mot låginntektsfamiliar
- Bidra til at eldre og innbyggjarar med funksjonsnedsettingar kan bo heime så lenge som mogleg
- Legge til rette for omgjevnader og aktivitet som fremjar helse og førebyggjer sjukdom
- Mobilisere innbyggjarane til å ta vare på seg sjølv og omgjevnadane sine
- Sikre oppleving av tryggleik og tilgjengeleghet for alle

Samfunnssdelen som klima- og miljøplan



Berekraft handlar om at me skal leve og utvikle oss, samstundes med at me gjer neste generasjon minst like gode utviklingshøve. *Plan- og bygningsloven* har som føremål å fremje berekraftig utvikling.

§ 1-1 Lovens formål

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging skal etter loven bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Lovdata

Kommuneplanen erstattar Fitjar sin klimaplan- og energiplan frå 2009

Fitjar vil ta eit tydleg klima- og miljøansvar i både vår tilrettelegging for å utvikla lokalsamfunnet og regionen, og i vår tenesteyting. Kommunen legg også FN sine bærekraftsmål til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnssdel. Bærekraftsmåla vil verta knytt til samfunnssdelen sine ulike kapittel. Kommunen sin klima- og energiplan vert erstatta av kapittelet " Den grøne kommunen" i kommuneplanen.

Kommunen ynskjer å ha fokus på:

- Gjere det enklare å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsfrift
- Legge til rette for fornybare energiløysingar
- Stille miljø- og etiske krav i alle anskaffingar
- Gjere samfunnet i stand til å handtere klimaendringane
- Miljøsertifisering
- Forvalte sjøareal på ein forutsigbar og berekraftig måte
- Utvikle og ivareta samanhengande offentleg grønt struktur
- Redusere miljøgifter, forsøpling og luftforureining

Klimaarbeidet skal vere integrert i alle kommunen sine overordna styringssystem, ein skal synleggjere at dette er leiarar og fagfolk sitt ansvar på kommunen sine ulike fagområde i både planlegging og tenesteyting. FN sine berekraftsmål skal prega kommunen sine tenester, og slik vil me bidra lokalt til å nå den internasjonale ambisjonen:

"FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030."

<https://www.fn.no/Tema/Fattigdom/Baerekraftig-utvikling>

Samfunnsdelen for barn og unge

Fitjar kommune skal vera ein god stad å vekse opp for barn og unge, med sunne og trygge oppvekstmiljø. Me vil tilretteleggja for trivsel og deltaking i eit mangfald av aktivitetar. Livsløpet frå ein er fødd til ein har gjennomført vidaregåande skule er ein viktig periode i livet som skal ruste barn og unge for den framtida dei skal inn i og utvikle. Ingen veit korleis samfunnet vil vere når våre barn og unge er vaksne, og for å ruste barna for livet skal ein oppleve tidleg meistring og tilhørsle. Livsmeistring vil vere sentralt i alt oppvekstarbeid.

Kvalitet, heilskap og deltaking skal prega kommunen sine tenester til barn- og unge. Me vil ha klare strategiar for å fremje eit lokalsamfunn med små sosiale forskjellar.

Barn sitt oppvekstmiljø i Fitjar vil skapa attraktivitet og skaparkraft både i notida og i framtida. Me ønskjer at barn- og unge som er oppvaksen i Sunnhordland skal finna heimstaden interessant for etablering i vaksen alder, og samtidig vil me vera opne og attraktive for tilflytting for andre uansett bakgrunn.

Det vil vere sentralt å ha fokus på:

- Sikre barn og unge kompetanse for framtida
- Nytte barn og unge sine eigne ressursar gjennom medverknad
- Gje barn og unge oppleveling av fellesskap og tilhør
- Arbeide systematisk for å gje alle like moglegheiter
- Sikre tidleg og tverrfagleg innsats




Medverknad Ope hus, foto: Mone Nilsen

Fitjar 2024 – kommunesenter og bygder

Kommune har per 01.01.2024 3203 innbyggjarar. Me har eit tydleg kommunesenter, og fire bygdesamfunn:

Selevik - Dåfjorden

Ligg flott til i Dåfjorden med nærleik til sjø og flotte naturområder. Her er det tilrettelagt med barnehage, skule, flott idrettsbane og tilgjengelege bustadomter. Selevik er i ei særstilling der Sagvågsområdet ligg nærmare enn Fitjar sentrum. Lokalmiljøet er prega av sterkt initiativ for å få folk til å busetja seg i bygda m.a. gjennom Dåfjorden næringsforum. Dette viser att i form av auka befolkningsvekst i området. Det er også høg grad av fokus på næringsutvikling. Fleire lokale arbeidsplassar ligg i nærmiljøet m.a. Dåfjorden slipp. Her er potensiale for fleire bustadområde og det kan leggjast til rettes for auka tilgang til sjø/hamneområde. I nærmiljøet er det oppretta mange turstiar med møteplassar med bl.a. gapahuk, slik at her er gode mogelegheiter for småturar.



Øvrebygda

Ligg vakkert til i området Rydland, Koløyholmen, Helland nord og Årbø. Her er god tilgang til friluftsområde både på land, sjø og vatn.

Foto: Aase Rygg H.Nøttveit

Det er følgjande næringsområde i Øvrebygda: Svartasmøget og Sjoareset . Jordbruk er den viktigaste næringa i området. Det er lagt til rettes for spreidd busetnad, der ein kan både bu tett, men også fritt og fredeleg. I Koløyholmen er det regulert eit mindre område for bustadar-/fritidsbustadar og det er god tilgang til sjø med naust og båtplassar. Storavatnet har ein sentral plass i krinsen som gir gode mogelegheiter for ulike aktivitetar der avstanden frå bustadane ikring er kort. Krinsen har både skule i nærmiljøet sitt og ny barnehage vil bli etablert i 2025. Det er god aktivitet i lag og organisasjonar der skulebygget er det naturlege samlingspunktet. I krinsen er det gode høve for turar på gamle stiar der kulturhistoria kan utforskast, slik som Hellandspresten og Tislevollssaga.

Fitjar – kommunesenter

Fitjar er kommunesenteret og det naturlege «lokomotivet» i Fitjar. Her er eit stort fleirtal av innbyggjarane i kommunen busette og her ligg dei fleste serviceinstitusjonane i bygda; rådhus, eldresenter, legesenter, bibliotek, butikkar, skular, barnehagar, kyrkje og større lokale verksemder. Her er ei god samansetjing av ulike næringar som jordbruk, havbruk, smoltanlegg, byggevarefirma, mekanisk industri, vindkraft og mange andre serviceytande næringar. Midtfjellet Vindpark er synleg og tilgjengeleg . Årskog industriområde er i utvikling. Tilgangen til attraktive bustad tomtar er god og det er godt tilrettelagt for båtplassar i ulike hamneanlegg. Kultur og idrettsbygget er den naturlege samlingsplassen. Her har lag og organisasjonar ein flott arena for aktivitetstilbodet sitt. Kråko hytteområde har utvikla seg til ein møteplass for mange både frå nærmiljøet og frå distrikta rundt. Området gir mange positive synergieffektar m.a. i form av handel i nærmiljøet.

Osternes

Eit vakkert kulturlandskap med utsikt til havet, ein langstrakt krins med mange særpreg. Sandvikvåg er det store trafikk knutepunktet på E 39. Området flott natur med tilgang til vatn, sjø og fjell. Området har mange naturidyllar og det er fleire områder med høg historisk verdi som t.d. Gloppevågen, Stokken og Færøysundet. Her ligg det eit stort potensiale i å utnytta turisme som eit inntektsgrunnlag. Jordbruk er den viktigaste lokale næringa sjølv om det er i forholdsvis liten skala. Ulike tilleggsnæringar til landbruket kan også bidra til å gjere det attraktivt å si seg ned i Osterneset og utvikle grenda vidare.

Spreidd busetnad og det å busetja seg på og ved dei eksisterande gardsbruken, halda jorda i hevd og utvikle dei naturgjevne føresetnadene vidare er det som vil helst vil gjera det attraktivt for yngre generasjonar til å bli og busetja seg i grenda, heller enn bustadfelt og hyttetomter. Småskala produksjon av mat/handverksprodukt, andelslandbruk, inn på tunet/grøn omsorg, er døme på tiltak som kan vere aktuelle å utvikle vidare.

Strando – Hageberg

Langstrakt krins mellom fjellet og Langenuen med E- 39 som den pulserande hovudferdselsåra. Denne delar landskapet i to. Fjellet og fjorden betyr mykje for dei som bur her. E – 39 skapar store utfordringar i høve støy og forbodssonar både for fastbuande og for dei som ynskjer å busetja seg her. Det er no bestemt at Hordfast skal gå over Jektevik noko som vil gje nye mogelegeheter for krinsen. Her er behov for tilrettelagde områder for bustad/hyttebygging med tilgang til naust og båtplassar. Grendahuset er samlingsplassen for bygda. Det vert framleis drive jordbruk på einskilde bruk. Området har eit stort potensiale for turisme. Her er bratte fjell (fjellklatring), tilgang til sjø (fiske), gode jaktterreng (hjort) og Tindaslottet (overnatting) som eit attraktivt turmål.

Utfordringa når det gjeld busetjing er kort veg mellom E-39 og sjøen. Det er svært knappheit i område mellom 50-meters sonen på begge sider av E-39 og 100-meters beltet til sjøen. Det vil vera ein føresetnad for auka busetnad i Strando å få høve til bygging nærmere sjø enn 100 meter og å få bygga naust, småbåthamn og brygger.




Foto: Fitjar kommune kulturminneplan

Utviklingstrekk i Fitjar kommune

For å velje dei rette måla og strategiane, må me ha kunnskap om kvar me står i dag. Spørsmåla er kva utfordringar me har, og kva me må satse på for å møte dei. Kunnskap om til dømes folketalsutvikling, demografi, næringsutvikling og kva behov innbyggjarane våre har når det gjeld ulike tenester, legg premissa for korleis me som kommune skal levere tenester og tilretteleggja for å utvikle samfunnet. Tabellen under viser foketalsutviklinga i Sunnhordland dei 3 siste åra

Befolking ved utgangen av 2023

	2021	2022	2023	Vekst siste år	
K-4611 Etne	4043	4073	4072	-1	0,0 %
K-4612 Sveio	5775	5732	5742	10	0,2 %
K-4613 Bømlo	12061	12132	12268	136	1,1 %
K-4614 Stord	18919	19098	19287	189	1,0 %
K-4615 Fitjar	3117	3181	3203	22	0,7 %
K-4616 Tysnes	2883	2910	2922	12	0,4 %
K-4617 Kvinnh.	13017	13058	13089	31	0,2 %
K-4625 Austevoll	5283	5297	5300	3	0,1 %

Fitjar kommune har over tid hatt ein positiv vekst i folketalet, også samanlikna med fleire av dei andre kommunane i regionen.



Foto: Fitjar kommune

Folketal og befolkningsframskriving

Den demografiske utviklinga viser ein prognose for vekst i folketalet i Fitjar fram mot 2040, også på grunn av innvandring. Dette er basert på Statistisk sentralbyrå sitt hovudalternativ MMMM

Hovedalternativet (MMMM)


	0-1 år	2-5 år	6-15 år	16-22 år	23-66 år	67-79 år	80-89 år	90 år og eldre	Totalt
2024	50	105	397	302	1656	450	108	29	3097
2025	49	108	383	295	1631	476	115	30	3087
2026	49	106	372	291	1629	486	118	29	3080
2027	50	99	357	288	1637	488	129	31	3079
2028	52	109	337	277	1644	491	144	29	3083
2029	53	111	327	273	1642	497	158	27	3088
2030	54	115	323	262	1645	499	169	26	3093
2031	55	116	318	257	1641	496	186	29	3098
2032	56	118	307	260	1636	495	203	29	3104
2033	56	120	305	254	1636	483	225	30	3109
2034	57	123	297	250	1638	485	232	33	3115
2035	57	124	303	238	1640	473	249	37	3121
2036	58	125	304	229	1639	468	265	39	3127
2037	58	127	305	231	1628	476	265	42	3132
2038	58	127	317	217	1624	461	285	48	3137
2039	57	129	321	209	1624	461	286	54	3141
2040	57	130	324	208	1622	465	280	59	3145

Folketalet vil auka og framskrivingane viser ein liten auke i talet på fødde, og ein negativ trend i talet på barn- og unge i grunnskulealder 6– 15 år fram til 2030.

Tal barn i barnehagealder vil vera nokolunde stabilt i høve dagens nivå.

Talet på personar i aldersgruppa 67 år og eldre er sterkt aukande. **Den reelle folketalsutviklinga syner 3203 innbyggjarar pr 01.01.2024. Sjå tabellen under.**

Folketalsutvikling 2015-2040



Talet på barn i grunnskulen er synkande. Gjeldande strukturplan for grunnskulen ynskjer å behalda skulestrukturen slik den er i dag. Ein vil kanskje i framtida måtte sjå dette i samanheng med kommunen sitt busettingsmønster og den samla areal- og transportplanlegginga.




Her syner me folketalsutviklinga i krinsane i kommunen 2014-2019. Denne er gjeldande også i 2024 utan dei store endringane.

Hovudvekta av vekst har vore i områda kring sentrum og Selevik. Ein ser kanskje ikkje den same utviklinga i Selevik dei siste åra, men her ligg det planar for nye bustadområde. Eit anna hovudtrekk har vore negativ folketalsutvikling i dei mindre grendene som Osterneset, Øvrebygda og Stranda.


Den store demografiske endringa i planperioden får me i talet på eldre over 67 år.

Ei auka satsing på folkehelse, sosialt arbeid, førebygging- og rehabilitering, og digitalisering må prioriterast. Samarbeidet med frivillig sektor og utdanningsinstitusjonane må styrkast. Den demografiske endringa vil måtta ha direkte påverknad på prioriteringane i kommunens budsjett og investeringar.

Demografisk utvikling vil påverka den fysiske planlegginga.



Forsørgarbyrde for eldre, 1986 til 2035



Å skapa saman – medverknadsprosessen

«Den beste måten å forutsi fremtiden på, er å skape den»

Alan Kay

Arbeidet med kommuneplanen i 2019 har vore organisert slik:



Arbeidsgruppa har vore tverrsektorelt samansett frå administrasjonen. Ordførar deltok i arbeidsgruppa i 2019, og før ny kommunelov. Me har ikkje nytta eksterne konsulentar i planarbeidet. Arbeidsgruppa har ansvaret for vurderingar og skriving av planen i skjeringspunktet mellom kunnskapsgrunnlag, fag, strategi og innspel frå medverknadsprosessen.

Eksternt kunnskapsgrunnlag me har nytta er:

- Statistikkpakke for Fitjar, frå Hordaland fylkeskommune
- Ungdata undersøkinga i Fitjar
- Oversikt over gang- og sykkelvegar på fylkesvegar og kommunevegar i Fitjar
- Handelsanalyse for Fitjar
- Stadsanalyse frå PIR II for Fitjar sentrum
- Nasjonale rettleiarar

Medverknadsprosess

Ca 12 % av innbyggjarane har delteke i direkte dialog i planarbeidet for å auka idetilfang og relevans, og for å skape engasjement for iverksetting.

Planprosessen både med planprogrammet og kommuneplanen (KPS) har gått føre i 2019, med ei brei involvering av lokalsamfunnet. Me har etablert eit innbyggjarpanel på 13 lag- og organisasjonar som har drøfta planen , me har gjennomført oppsökjande dialogmøter i heile kommunen der ein har treft innbyggjarane



Medverknadsprosess Rimbareid skule, Foto: Mone Nilsen

direkte. Metodane me har nytta har vore folkemøter, innleiingar, kreative prosessar med mentometer og ordskyer, kafèdialog og frie plenumsdiskusjonar. Innhaldsmessig har det handla om å få fram Fitjarsamfunnet sine:

- Styrkar
- Utfordringar
- Den mogelege framtida og korleis me skapar denne.

Innspela er samla på kommunen sine heimesider.



På grunnlag av dette har kommunestyret vedtatt 5 hovedtema/ kapittel i kommuneplanen sin samfunnsdel, og det er knytt mål og handlingsprogram til kvart område.

LEVANDE SENTRUM OG BULYST.....

- SENTRUMSUTVIKLING.....
- GRØN MOBILITET.....
- BUSTADSTRATEGI OG BUFORMER.....
- FITJAR FOR ALLE.....
- FRILUFTSLIV.....

FITJAR I BEREKRAFTIG VEKST

- NÆRINGSUTVIKLING
- BU- OG ARBEIDSMARKNADSREGION I UTVIKLING.....

SMARTE OG KOMPETENTE KOMMUNALE TENESTER.....

- UTFORDRINGER
- FOKUS PÅ BRUKAREN SINE RESSURSAR.....
- KOMPETENTE OG ENGASJERTE MEDARBEIDARAR.....
- DIGITALISERING.....
- BYGGE PARTNARSKAP MELLOM KOMMUNEN OG OMGJEVNADANE – KAPASITETSBYGGING.....
- SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP.....

DEN GRØNE KOMMUNEN.....

- AKTIVT LANDBRUK
- NASJONALT VIKTIG KULTURLANDSKAP I FITJARØYANE.....
- FITJAR I VINDEN.....
- SIRKULÆRKONOMI.....
- BIOLOGISK MANGFALD.....
- FISKERI OG- HAVBRUK.....
- OMSTILLING TIL LÅGUTSLEPPSAMFUNN.....

STERKE SAMAN – REGIONALT SAMARBIED.....

Ut av desse lokale behova har me laga ei oversikt over behovet for fornying av planverket.

Fitjar kommune er ein liten kommune og med avgrensa administrativ kapasitet. Me har difor prøvd å avgrensa mengda planar, utan at det har ført til vesentleg færre. Me treng eit fornøya planverk på sentrale fagområde. Me vurderer å planleggja med lengre tidshorisont i planane framover. Me må balansere planlaginga med behovet for iverksetting .

Om kommuneplanen:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i 2020.
- Planprogrammet for rullering av kommuneplanen sin arealdel vart fastsett i kommunestyret 21.11.2023. Arbeidet har starta opp og medverknaden så langt i prosessen har vore stor med mellom 25 – 70 personar tilstades på kvart av dei ulike temamøta og grendamøta:

[Rullering av kommuneplanen sin arealdel \(KPA\) - Fitjar Kommune](#)

Talet på skriftlege innspel til planarbeidet er svært høgt

Ut frå kapitla i kommuneplanen sin samfunnsdel har me følgjande planbehov:

Planstrategi 2024-2027							
Plan	Noverande	Sektor	Type	2024	2025	2026	2027
OVERORDNA PLANAR:							
Økonomiplanen 2024-2027	2024-2027	Leiing	Økonomiplan	Årleg	Årleg	Årleg	Årleg
Kommuneplanen sin samfunnssdel	2020 - 2040	Leiing	Kommuneplan	x	x	x	x
Kommuneplanen sin arealdel	2011-2022	Leiing	Kommuneplan	Under arb.	Under arb.	x	x
Beredskapsplan 2024 (KKL)	2024	Leiing	Tema	x	x	x	x
LEVANDE SENTRUM OG BULYST							
Plan for frivillig arbeid	NY	Oppvekst	Tema		Oppstart	x	x
Reguleringsplan for Fitjar sentrum	2024	Teknisk	Areal	x	x	x	x
Plan for idrett- og anlegg	2022 - 2025	Kultur	Tema	x	x	Oppstart	
FITJAR I BEREKRAFTIG VEKST							
Plan for næringsutvikling	2014-2018		Strategi	Oppstart?			
SMARTE OG KOMPETENTE KOMMUNALE TENESTER							
Personalpolitiske rammeverk	Ny 2023	Personal	Strategi	x	x	x	x
Lønnspolitiske retningslinjer	2017 - 2021	Personal	Strategi	Oppstart	x	x	x
HMT plan for Fitjar kommune	Ny 2023	Personal	Strategi	x	x	x	x
Plan for digitalisering	2019 - 2025	IKT	Tema	x	Oppstart	x	x
Plan for omstilling- og nedbemannning	2018-dd	Personal	Tema	x	x	x	x
Kompetanseplan for barnehage- og skulesektor	2024-dd	Oppvekst	Handlingsplan	Årleg	Årleg	Årleg	Årleg
Strategisk kompetanseplan for helse, sosial og omsorg	2020 - 2024	Helse	Handlingsplan	x	Oppstart	x	x
Helse- og omsorgsplan	2022-2032	Helse	Tema	x	x	x	x
Rullering av tenestestandard i helse/omsorg		Helse	Tema	Oppstart	x	x	x
Plan for habilitering og rehabilitering	2020 - 2030	Helse	Handlingsplan	x	x	x	x
Pandemiplan	2020 -	Helse	Handlingsplan	x	Revidering	x	x
Smittevernplan	2020 - 2030	Helse	Tema	x	x	x	x
Ruspolitisk handlingsplan	2024 -2028	Helse/oppv.	Handlingsplan	X	x	x	x
Bustadsosial handlingsplan	2016-2020	Helse	Handlingsplan	Oppstart	x	x	x
Handlingsplan vald i nære relasjoner	Ny	Helse/oppv.	Tema	Oppstart	x	x	x
Folkehelsestrategi/folkehelseplan	Ny	Alle	Tema	Oppstart	x	x	x
Plan for implementering av omsorgsteknologi	2020 - 2030	Helse	Tema	x	x	x	x
Oppvekstreform for Fitjar kommune	Ny 2023	Helse/oppv.	Tema	x	x	x	x
Barnehageplan	2020-2030	Oppvekst	Tema	x	x	x	x
Kvalitetsplan for Fitjarskulen (skulebruksplan)	2023 - 2028	Oppvekst	Tema	x	x	x	x
Plan for skulestruktur	2023-2029	Oppvekst	Tema	x	x	x	x
Kulturminneplan	2015 - 2025	Kultur	Tema	Oppstart	x	x	x
DEN GRØNE KOMMUNEN							
Trafikktryggingsplan	2021-2031	Teknisk	Tema	x	x	x	x
Kommunedelplan for vassforsyning	2020-2030	Teknisk	Tema	Revisjon	x	x	x
Kommunedelplan for avløp og vassmiljø	2020-2030	Teknisk	Tema	Revisjon	x	x	x
Overordna plan for byggvedlikehald	Ny	Teknisk	Tema	Oppstart	x	x	x
Forvaltningsplan for Grågås Stord -Fitjar	2021-2026	SFLMK	Tema	x	x	x	Oppstart
Landbruksplan for Stord-Fitjar	2017-2025	SFLMK	Tema	x	Oppstart	x	x
Hovudplan for skogsbilvegar Stord-Fitjar		SFLMK	Tema	Under arb.	x	x	x
Forvaltningsplan for hjort - Stord og Fitjar	2021-2024	SFLMK	Tema	x	Revisjon	x	x
STERKE SAMAN							
Kommunedelplan for Dåfjordvegen		Interkomm	Areal	?			
FV 545 Reguleringsplan Rydlandssaga		Interkomm	Areal	Under arb.	x	x	x
Overordna heilskapleg ROS (saman med Stord)	2022 - 2025	Leiing	Tema	x	Oppstart	x	x